



Utvask-dugnaden som leiinga for Uskedal Aktivitetshus inviterte til onsdag kveld samla diverre berre tre fram møtte. Det var leiar Bjørn Olav Tveit, kasserar Odd Steinar Arnesen og Hege Lekva.

Dei måtte konsentrera seg om å vaska ut styrkerommet. Dermed kan apparata, som no er levert, monterast på plass og rommet komma i funksjon.

Det er Knut Inge Eidsvik og Harald Myhre som har teke på seg denne oppgåva og mange ser fram til at det nye trimtilbodet i bygda kan bli klårt.

Når det så gjeld utvaskinga av gangar, dusjar og garderober, som også skulle ha vore gjennomført onsdag kveld, ser leiinga truleg ikkje nokon annan utveg enn å satsa på innleigd hjelp.

På biletet er Arnesen og Tveit i full gang med vaskinga av styrkerommet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)